



DEN NORSKE KYRKJA

Stedje Sokneråd

Sogndal 31.05.2024

Protokoll

Møte i Stedje sokneråd 15.05.24

Desse møtte:

Vegard Bondevik Lie, Guri Høstaker Nordheim, Jorunn Furuheim, Marta Fimreite, Sigfred Stenehjelm, Grete Katrin Sønnesyn, Kirsti Møller Bruland, Rolv Arvid Leirdal, Jan Helge Løvik,

Britt Hovland Selseng melde forfall.

To studentar (Sosialt arbeid) var med på møtet.

Orientering til Kirsti Lunde.

Opningsord ved Marta

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend.

Godkjenning av protokoll frå møte 10.04.24 vert ettersend.

Orienteringssaker

1. Gudstenester: Gode tilbakemeldingar etter konfirmasjonar og Ung messe.
2. Referat fellesrådet.
3. Referat frå diakoniutvalet.
4. Referat frå trusopplæringsutvalet.
5. Dugnad på kyrkjegarden: 25-30 møtte. Svært god organisert dugnad.
6. I konfirmasjonane 11.og 12. mai var ca.1100 menneske innom.
7. 17.mai; SIM arrangerer fest for ungdom.
Forslag til vidare tenking rundt 17.mai: Arrangere gudsteneste ved minnesmerket ved elva? 17.mai-fest på Stedjetunet?

Vedtaksaker:

Sak 23/24 Avtale om felles vass- og kloakkreinseanlegg

Vedtak: Vi sender merknader frå Leif Arne Nordheim til advokat Harald Hjermann og ber om få nytt framlegg til avtale.

1. Avtaleutkastet inneheld ingen ting om korleis ein skal forholde seg dersom ein fjerde part vil kjøpa seg inn i anlegget. T.d. om korleis «inngangsbilletten» skal fastsetjast og korleis ein avgjerd om ein fjerde part skal takast inn (må t.d. alle tre noverande partar vera samde eller kan to partar binda den tredje?)
2. Avtaleutkastet manglar bestemmelsar om korleis ein skal løysa saka dersom ein eller fleire av partane ynskjer å kopla til nye einingar på sin eigedom.
3. Avtaleutkastet manglar bestemmelsar om korleis kostnader med oppgradering av anlegget skal dekkast dersom dette vert kravd som følgje av at nye einingar vert kopla på, jfr. pkt. 2.
4. I avtaleutkastet vert det vist til «vedlagt kartskisse». Kartskissa er ufullstendig då den vantar tilkoplinga til ein av dei tre partane, Kåre Johan Rutlin. Ny og fullstendig kartskisse må lagast og leggast ved.

Sidan avtalen skal tinglysast som hefte på eigedomane bør den vera så fullstendig og klar som råd er.

Sak 18/24 Informasjonsutval

Vedtak: Vegard tek med seg idear frå soknerådet til staben. Vi avventar foreløpig eit slikt informasjonsutval.

Sak 19/24 Gudstenesteutval

Vedtak: Gudstenesteutvalet skal ha ein representant frå kvart sokn. Jorunn vert med frå Stedje sokneråd.

Sak 26/24 Saker som kjem til

Vigsling av sokneprest Astrid Bodevik

Vedtak: Ein festkomite lagar kyrkjekaffi på Stedjetunet etter vigslinga. Marta og Guri stiller frå Stedje sokneråd, saman med representantar frå Fjærland sokneråd.

Ungdomsfestival «Alive», gudsteneste i Stedje: utsett til neste møte.

Ny dato neste møte; måndag 17. juni.

Møte slutt 17.35

Sogndal 31.05.2024

Marta Fimreite - leiar

Guri Høstaker Nordheim- sekretær